

Aud May Hundvin  
Hundvinsvegen 109  
5956 HUNDVIN

Referanser:  
Dykker:  
Vår: 17/2903 - 18/26374

Saksbehandlar:  
Øystein Hafnor Kolstad  
oystein.hafnor.kolstad@lindas.kommune.no

Dato:  
03.09.2018

## Landbruksak Gbnr 56/14 Hundvin- Vedtak om feil i søknad om produksjons- og avløysartilskot 2017

### Saksutgreiing:

På søknad om produksjonstilskot med søknadsfrist 15.05.2017 og 15.10.2017 har føretaket med org nr 986359141 ført opp att det er melkesau på bruket.

Melkesau i jordbruksavtalen 2017-2018 er definert som *sau født føregåande år eller tidlegare, som er i melkeproduksjon hvor mjølka nyttas som råstoff ved lokal foredling*.

Du har i mai og oktober satt inn at du disponerer 42 og 40 melkesau. Sakshandsamar har i samråd med deg endra antallet melkesau i oktober til 0, men antallet i mai står uendra. Det var første søknadsomgang med nytt system og elektronisk skjema og kan difor vera forvirrande.

Du har ført opp 42 melkesau i søknaden frå mai og som eit resultatet av det har du fått utbetalt kr 47 922,- for mykje i tilskot ved hovedutbetalinga i februar.

Forskrift om produksjonstilskot inneholder ein del vilkår som du som søker pliktar å setja deg inn i for å nytta deg av tilskotsordninga.

Kommunen har i brev 08.08.2018 sendt førehandsvarsel ihht §16 i forvaltningslova. Søker kom med uttale på varselet den 09.08.18 og 27.08.18. Uttalet er lest og vurdert, men ikkje tatt til følgje.

### Vurdering:

Kommunen har vurdert saka i høve til forskrift om produksjonstilskot og sakshandsamarrundskriv 2018-4.

I forskrift om produksjonstilskot § 13. Tilbakebetaling og renter mv. Første ledd står det fylgjande.

*«Dersom føretaket som følge av manglende oppfyllelse av vilkår i denne forskriften eller av andre grunner har mottatt en utbetaling som ikke er berettiget, kan det feilutbetalte beløpet kreves tilbakebetalt frå mottakeren eller motregnes i senere tilskuddsutbetaling.»*



Søkjær har vært i kontakt med Landbrukskontoret for retting av søknaden då feilen blei oppdaga. Når sakshandsamar skulle retta feilen blei det gløymd å retta opp i søknaden frå mai 2017 og dermed blei det utbetalt tilskot for 42 melkesau i februar 2018.

Feilutbetaling som skyldast andre grunnar, som nemnd i § 13 første ledd, for eksempel av forvaltninga, kan krævast attende. Det er kun den delen av tilskotet som ikkje er beretta som skal krevjast attende.

Søkjurar av produksjons- og avløysartilskot er sjølvstendig næringsdrivande, og er dermed underlagt ein streng aktsamhetsnorm. Det krevjast av søkjaren at dei har full kjennskap til eigen drift og at dei søker i tråd med gjeldande reglar for tildeling av tilskot.

Landbruksdirektoratet sende 17.11.2017 ut e-post om at det var høve til å retta openbare feilføringar for søknadsåret 2017. Feilen som her er gjort er ikkje gjort forsettleg og det er gitt melding før utbetaling av tilskot. Kommunen vil difor ikkje avkorta resten av tilskotet som følgje av feilopplysningar.

Søknadsomgangane i 2017 var første gong med nytt system og nye søknadsskjema og ein må forventa ein del feilføringar når nye ting vert innført. Kommunen har erfart at fleire hadde problem med å føra sau på rett plass.

#### **Konklusjon:**

Føretaket har ført ein del dyr i feil kode som har medført for mykje utbetalt produksjonstilskot. Beklageleg vis har sakshandsamar gjort ein feil ved retting av søknad før attestering og feil beløp har gått til utbetaling. Feilutbetalinga er på eit so høgt beløp at søker burde fatta misstanke om at noko er feil, i tillegg til vedtaksbrevet som følgjer utbetalinga der føretaket framleis var oppført med melkesau.

#### **Vedtak:**

Føretaket 986359141 Aud May Hundvin må betala attende 47 922,- i tilskot til melkesau, som vart utbetalt for mykje i februar 2018 etter søknadsomgongen 15.05.2017. Årsaka er at søker driv med vanleg sauedrift og ikkje med melkesau og difor ikkje oppfyller vilkåra for å få dette tilskotet. Dette er ikkje ei avkorting, kun tilbakebetaling av uberettiga tilskot.

Vedtaket har heimel i §13 i forskrift om produksjonstilskot m.v (sist endra 18.04.2017). Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga og vurdering.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagen skal grunngjenvaist.

Med helsing

Kjartan Nyhammer  
landbruksjef

Øystein Hafnor Kolstad  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Aud May Hundvin

Hundvinsvegen  
109

5956

HUNDVIN